



Arkivnr: 2014/1102-3

Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2014

Sak: Miljøpris 2013

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har sidan 1992 delt ut ein miljøpris. Prisen vert delt ut for føregåande år. Frå statuttane for miljøprisen heiter det «*Prisen skal vere til heider og stimulans for enkeltpersoner, lag og organisasjonar, bedrifter m.v. som har utmerka seg innanfor miljøvernarbeidet.*» Miljøprisen er ein gavesjekk på kr 50.000,-.

Det er kome inn forslag til 10 kandidatar til miljøprisen for 2013. Eit eige arbeidsutval har gått gjennom kandidatlista og fremjar forslag om kven som skal få prisen for 2013.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Kultur- og ressursutvalet tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2013 til ...

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.
Fylkesrådmannen, 28.01.2014*

Kultur- og ressursutvalet handsama 18.01.2011 sak *Lokal Agenda 21 – Miljøprogram 2011* der miljøprisen er eit av tiltaka. Til arbeidsutval for miljøprisen 2013 oppnemnde utvalet:

- Tom Sverre Tomren
- Anita Garlid Johannessen
- Neshe Lie

Frå statuttane for miljøprisen heiter det «*Prisen skal vere til heider og stimulans for enkeltpersoner, lag og organisasjonar, bedrifter m.v. som har utmerka seg innanfor miljøvernarbeidet.*» Miljøprisen er ein gavesjekk på kr 50.000,-.

Invitasjon til å kome med grunngjevne forslag til kandidatar med omsyn til miljøprisen i 2013 er kunngjort i fleire avisar, informert via fylkeskommunens heimesider på internett og det er sendt eige brev til kommunane. Ulike miljøorganisasjonar og tidlegare prisvinnarar er også oppmoda om å kome med forslag til kandidatar.

Det er kome inn forslag om 10 kandidatar til miljøprisen for 2013.

Miljøpriskandidatar 2013:

Følgjande tabell gir oversyn over kandidatane som er foreslått for 2013:

Kven	Kvífor	Av kven
Professor Per Johan Jakobsen ved Universitetet i Bergen	<p>Vi foreslår at professor Per Johan Jakobsen ved Universitetet i Bergen vert tildelt Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2013. Prisen bør gjevast med bakgrunn i hans <i>ekstraordinære innsats</i> for å berge ulykkingstruga elvemuslingbestandar i Hordaland og resten av landet.</p> <p>Jakobsen har med sitt sterke engasjement, kombinert med solide faglege kompetanse og praktisk gjennomføringsevne, starta ei livsviktig førstehjelp for elvemuslingen.</p> <p>I dag framstår spesialanlegget på Austevoll som eit nasjonalt elvemuslinganlegg og utgjer ein heilt sentral del av det nasjonale arbeidet med å ta vare på ulykkingstruga elvemuslingbestandar i Noreg. Over 50 % av elvemuslingane i Europa har tilhald i Noreg og vi har såleis eit særleg forvaltaransvar for arten. Sverige og Noreg har saman over 80 % av elvemuslingane i Europa.</p> <p>Ved å gje dei trua elvemuslingane «starthjelp» dei første kritiske leveåra, har Jakobsen gitt eit vesentleg bidrag til ivaretaking av desse unike bestandane. Innsatsen vert avgjerande for at vi skal klare å ta vare på denne særprega delen av vassdragsnaturen i Hordaland og resten av landet.</p>	Fylkesmannen i Hordaland
Helse Bergen HF Haukeland Universitets- sjukehus og Kristin Blehr Patterson, miljørådgjevar ved Haukeland Universitets -	<p>Som den store arbeidsplassen Haukeland Universitetssjukehus er, så har vi eit spesielt samfunnsansvar for vårt ytre miljø som er ein føresetnad for ein god folkehelse. Som sjukehus har Kristin vist oss at det er spesielt viktig for oss å drife vår organisasjon på ein miljømessig berekraftig måte.</p> <p>Kristin har forutan å innføre og implementere miljøleiing hatt en egen evne til å engasjere medarbeidarar på alle nivå i</p>	Linda Karen Eide og Lene Omdahl. Det nasjonale prosjektet for miljø og klimatiltak i spesialhelse-

sjukehus	<p>organisasjonen. Ho har vist at det er viktig å ta tak i haldningsskapande arbeid blant kollegaer.</p> <p>Når det gjeld miljøomsyn ved alle våre nybygg har Kristin vært en føregangskvinne som har vist at jo strengare miljøkrav vi setter både når det gjelder byggemateriale og energiløysningar jo meir bygger vi for framtida. Det er en kjend sak at gamle bygg inneholder ein rekke miljøgifter som har gitt og gir oss store miljøproblem. Derfor er det viktig at det vi byggjer i dag ikkje inneholder stoff som framtidige generasjoner får problem med både når det gjeld helse og miljø.</p> <p>Kristins motto for sitt arbeid er at vi skal skape berekraftige og helsebringande sjukehus og arbeidsplassar og ikkje påføre miljøet unødig negative påverkningar.</p> <p>Vi meiner at Haukeland Universitetssjukehus og Kristin Blehr Patterson er ein god kandidat til Hordaland Fylkeskommune sin miljøpris 2013, og vi håpar at den store innsatsen hun har gjort gjennom fleire år kan bli sett av fleire enn oss som jobbar ved sjukehuset.</p>	tenesta
Henning Madsen, miljøarbeider ved Sund ungdomsskule	<p>Henning Madsen er tilsett som miljøarbeidar ved Sund ungdomsskule. Det har han vore sidan 2008. Han arbeider mest med det sosiale miljøet blant elevane. Det er ei svært viktig oppgåve, og han løyser henne godt. Det er mange elevar som har fått ein betre skulekvardag - eit betre liv - etter at Henning har hjelpt dei.</p> <p>I tillegg er Henning også ein tusenkunstnar når det gjeld handverk og praktisk arbeid. Han tek med seg elevar som fell litt utanfor i ordinære skuleaktivitetar og let desse få gjera arbeid som høver betre for dei. Dette er godt miljøarbeid.</p>	Hallgeir Dale, rektor ved Sund ungdomsskule
Naturmangfaldsgruppa til Naturvernforbundet i Hordaland	<p>Dette er en gjeng med aktive frivillige som bruker fritida si til å engasjere seg i naturvernarbeid, og dei er etter mi meinings sær verdige kandidatar for denne prisen.</p> <p>Naturmangfaldsgruppa møtes 4-6 ganger i halvåret, og diskuterer aktuelle saker i fylket som kan være ein potensiell "trussel" mot verdifullt naturmangfald. Dette gjelder alt frå omsøkte vasskraftutbyggingar, arealsaker, deponi m.m. De skriver eigne høyningsutsegn på fritida (i regi av Naturvernforbundet), og stiller opp på folkemøter, synfaringar o.l. når de har anledning til det. Noen skriv avisinnlegg, og de er generelt sær samfunnsengasjert med omsyn til natur- og miljøspørsmål. Dette er naturens forsvararar i Hordaland!</p> <p>Dersom Naturmangfaldsgruppa blir tildelt miljøprisen på 50.000,- vil det blant anna kunne bidra til at fleire får dekt reise og utgifter knytt til aktuelle synfaringar, seminar og konferansar. Dette dekkjast som regel av den enkelte i dag.</p>	Johanna Myrseth Aarflot, fylkeskoordinator, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland
Folgefondi	Folgefondi Breførarlag er ei verksemد som har lukkast i å	Jondal

Breførarlag AS	<p>kombinera verdiskapning med vern. Dei set minimale miljømessige fotavtrykk, og brukar naturen som han er. Dei har høg fagkompetanse om, og er svært gode formidlarar av klima- og miljøspørsmål. Eit døme på dette er naturstien ved skisenteret, som er eit samarbeidsprosjekt mellom breførarlaget, Bjerknessenteret, Universitetet i Bergen og Folgefonna Nasjonalpark. Naturstien har nye pedagogiske løysningar for effektiv og spanande læring i naturens eige klasserom. Målet er at turen på denne stien skal gje deg innsikt i navigasjon med GPS, og i tillegg ulike faglege smakebitar knytt til Folgefonna, breen, landskapet og klimaet. Det heile vert runda av med spekulasjonar om Folgefonna si framtid midt i eit skiftande Vestavindsbelte.</p> <p>I Jondal og Hardanger er vi svært stolte av natur- og kulturarven vår. Folgefonna Breførarlag har funne ein måte å binda desse to saman på som verkar vera interessant for fleire og fleire. I tillegg til spenning og sterke naturopplevingar formidlar dei ein smak av kulturen vår som ein del av «pakken»; konserter, omvisingar i museum og galleri, sidesmaking, eller seglas med ei gamal Hardangerjakt, for å nemna noko.</p>	commune
Besteforeldrenes klimaaksjon og/eller Halvdan Wiig (initiativtaker)	<p>Besteforeldreaksjonen ble lansert hausten 2006, etter initiativ frå høgskolebibliotekar Halfdan Wiik, Stord, og markerte seg tidlig gjennom fleire opprop med støtte frå kjente besteforeldre innan politikk, kulturliv og kyrkja.</p> <p>Kvar månad heile året marsjerer besteforeldre på Torgalmenningen med plakatar og snakkar med folk, som ein permanent påminning.</p> <p>Besteforeldrenes klimaaksjon var dei som tok initiativet til Klimaval 2013 der over 100 organisasjonar sluttar seg til som medlemmer. Dette medverka til å sette klima på dagsorden ved stortingsvalet. Nå er danninga av en oppfølging i gang, med tanke på kommunevalet i 2015.</p> <p>Halfdan Wiik, Stord og/eller Besteforeldrenes klimaaksjon er ein særskild vinnar av miljøprisen 2013. Dette er kandidaten eg sjølv vil løfte fram som fremste kandidat.</p>	Per Hjalmar Svae
Norges Naturvernforbund Hordaland	For sin utrettelige innsats med praktiske, nettbaserte miljø- og klimatiltak for folk flest, som www.oljfri.no og www.provekjore.no . De har utviklet ting lokalt i Bergen, som så spreiar seg nasjonalt.	Per Hjalmar Svae
BT - PUST kampanjen	For å ha dradd i gang en omfattande kampanje for betre byluft i Bergen.	Per Hjalmar Svae
Posten Norge – Bergen	Ifølge føredrag på frokostseminar om elbilisme er all postombæring i Bergen sentrum frå Danmarks plass til Laksevåg til Sandviken elektrifisert! Yes!	Per Hjalmar Svae
Bergen og Hordaland Turlag	Turlaget har gjennom mange år lagt tilrette for at folk skal komma seg ut i skog og fjell. Frå si fyrste hytte Høgabu i Bergsdalen i 1937, har dei no ei rekke med hytter. Dette er enkle hytter som	Vaksdal kommune

	<p>gjev husrom til alle, i sterk kontrast til «hytteadelen» som båndlegg store område for å dyrka sin eigen luksus. Turlaget har aktivitetar som spenner seg frå barn til pensjonistar, noko som er svært viktig i arbeidet for god folkehelse. Dei fleste av dei lokale turlaga i Hordaland er i dag med i Hordaland og Bergen Turlag. Turlaget og moderorganisasjonen DNT er turgåaren og naturelskaren si talerør for å ta vare på vår varierte og vakre natur. Dei har jobba særleg aktivt mot utbygging av våre siste urørte vassdrag.</p>	
--	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--

Tidlegare vinnarar av miljøprisen for Hordaland:

Årstal	Mottakar	Tema
2012	Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland	Organisasjonen får prisen for det årelange arbeidet sitt for å få barn og unge ut i naturen for å driva fiske og friluftsliv. Og for bidraget sitt til naturforvalting gjennom å hausta av naturen og ta vare på han.
2011	Bærekraftig liv på Lindås	utvikla ein samhandlingsmodell for meir bærekraftig tilpassing og for å ha gjennomført gode, konkrete tiltak i nærmiljøet.
2010	Eidesvik Offshore ASA	Utvikling av ny, miljøvenleg teknologi energiforsyning for gassdrivne lasteskip.
2009	Sven-Helge Pedersen, Granvin Frode Otto Strønen, Jondal	Hardangerfjordseminaret, villaks Rein og trygg mat frå Hardanger-fjorden, balanse vill-/oppdrettsslaks
2008	Flaktveit skole, Stamnes skule	Miljøarbeid gjennom mange år, første skule sertifisert til Grønt flagg i Bergen.
2007	Folkeaksjonen i Hardanger for sjøkabel	Ny kraftlinepolitikk
2006	Folkeaksjonen Hev U864 og Fedje kommune	Heving av U-284
2005	Leif Martin Mæland	Redusere utslepp frå skipsmotorar
2004	Hardanger fiskehelsenettverk v/Rune Stigum Olsen	Lakselus i Hardangerfjorden
2003	Herleiv Halland	Motstand bombeplanar Mjølfjell
2002	Dale Jakt og fiskarlag	Laksen i Daleelva
2002	Nesttunvassdragets venner v/leiar Atle Grimstad	Vassdrag, kultur, og nærmiljø
2001	Herand bygdelag v/Steinar Skeie	Lokalsamfunn
2000	Terje Gilje	Miljøleiing Telenorbygget
1999	Vernelag for Hesjedalsvassdraget v/Mons Stamnes	Vassdragsvern
1998	Nordheimsund og Steinsdalen grunneigarlag v/Frode Nygård	Laksen i Steinsdalselva
1997	Dagny Fuglø	Biologisk mangfald
1997	Magne Sleire	Biologisk mangfald
1996	"219 Kvinner på Nordnes" v/Susanne Urban	Miljøarbeid
1995	Sportsklubben Djerv	Lokalt miljøarbeid
1994	Per Arne Opedal	Avfallshandtering
1993	Miljøklubben Grønt Gras Lindås	Generelt miljøarbeid
1993	Giga A/S	Havbruksnæringa
1992	Leif Magnus Endresen	Tekniske løysingar, båtmotorar
1992	Norges Kvinne og Familieforbund, Hordaland krins	Generelt miljøarbeid
1991	Kurt Oddekalv c/o Norges Miljøvernforbund	Generelt miljøarbeid

Vinnar av miljøprisen for Hordaland 2013:

Arbeidsutvalet har som oppgåve å gå gjennom lista over kandidatar og tilrå for Kultur- og ressursutvalet kven som skal få prisen. Sjølve prisutdelinga er tenkt på Fylkestinget i mars.